

Notat

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Dato: 17. april 2018

Til: Fellesnemnda
Frå: Fylkesrådmennene

Sams vegadministrasjon – Stortinget sitt anmodningsvedtak

Stortinget gjorde 8. juni 2017 følgjande anmodningsvedtak om overføring av regional vegadministrasjon, med ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, til fylkeskommunane:

«Vedtak nr. 838: Stortinget ber regjeringen sørge for at regional veiadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå».

Vegdirektoratet fekk hausten 2017 i oppdrag å greie ut spørsmål i tilknytning til ei overføring til fylkeskommunane for den delen av sams vegadministrasjon som har ansvar for fylkesvegar. Direktoratet skal i denne prosessen samarbeide tett med KS og fylkeskommunane om planlegging og gjennomføring av denne overføringa.

Mandatet til det regjeringsoppnemnde ekspertutvalet var avgrensa mot vurderingar av Statens vegvesen sin fagadministrasjon, sidan regjeringa alt hadde starta sitt utgreiingsarbeid på bakgrunn av Stortingsvedtak hausten 2017. Ekspertutvalet påpeika likevel at det verka hensiktsmessig å overføre den fagadministrasjonen for fylkesvegane som fylkeskommunane allereie har det politiske og økonomiske ansvaret for. For fylkeskommunen er det ein styrke å ha totalansvar for gjennomføring av politikk, med omsyn til for eksempel økonomistyring og prioriteringar. Eigen fagadministrasjon legg òg til rette for nær dialog og samspel mellom politikk og administrasjon. Totalansvarsprinsippet tek også i vare omsynet til effektivitet fordi dialogen om oppgåveløysing vert teke i vare i eitt organ og behovet for bestillarkompetanse overfor andre organ vert redusert.

Vegdirektøren sitt utgreiingsarbeid og innstilling

30. november 2017 fekk Vegdirektoratet i oppdrag av Samferdselsdepartementet å kartlegge omfanget av sams vegadministrasjon, skissere ulike modellar for korleis den kan overførast til fylkeskommunane og vurdere konsekvensar av ei slik overføring. I departementet sitt brev og mandatet, er det føresett at oppdraget skal utførast i nært samarbeid med fylkeskommunane og KS. KS og fylkeskommunane har vinteren 2018 delteke på arbeidsverkstadar og informasjonsmøte om overføringa av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane frå 01.01.2020. Fylkeskommunane i


Hordaland og Sogn og Fjordane har opplevd samarbeidet med Statens vegvesen i denne prosessen meir som informasjon enn involvering.

I førebelse delrapportar laga av arbeidsgrupper i Statens vegvesen vert det antyda at vegvesenet i dag nyttar i storleiken 230-280 årsverk innanfor fylkesvegområdet i Sogn og Fjordane og Hordaland til saman. Dette omfattar alle oppgåver innan planlegging, drift, vedlikehald, investeringsprosjekt, forvaltning. Det er vesentleg fleire personar som gjer oppgåver innanfor fylkesvegområdet enn det er årsverk. Nokre fagområde vert vurdert til å vera så små og sårbare at det ikkje vil vera hensiktsmessig å dele desse, men behalde fagområda samla.

I sitt arbeid med fylkesvegområdet vert det nytta 130 ulike IKT-system.

15. mai i år vil Vegdirektøren leggje fram si tilråding til korleis overføringa skal gjennomførast. Det vil her bli tilrådd både oppgåveoverføring og synt til prosessar for overføring av personale.

Figuren under syner Statens vegvesen si tidslinje for sitt arbeid med overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane:



I prosessen over er det lagt til grunn at klargjering av overføring/mottak av oppgåver skal gjennomførast våren 2019, med innplassering av personell i nye stillingar i oktober 2019. Per i dag er statleg og fylkeskommunal prosess ikkje samkøyrde på ein slik måte at vi kan gje gode svar på korleis vi vil handtere denne prosessen, eller korleis vi ser føre oss at dette skal organiserast hjå oss.

Vidare prosess

Fylkeskommunane får Vegdirektøren sitt framlegg til uttale, med høyringsfrist 22. juni. Regjeringa vil, etter at det vert gjennomført ei høyring av vegdirektøren si tilråding, leggje fram si tilråding i saka gjennom statsbudsjettet for 2019. Det blir lagt opp til at uttalar frå dei to fylkeskommunane til Vegdirektoratet sin rapport skal bli handsama som sak på møte i fylkesutvala i juni.

Forholdet til tilsette hjå SVV

Statens vegvesen har greidd ut ulike alternativ for korleis situasjonen for dei tilsette skal handterast, inkludert Statens vegvesen sine tilsette sine rettar og plikter til å følgje arbeidsoppgåvene etter dagens lovverk. Det er potensielt eit stort tal årsverk som kan overførast til fylkeskommunane 1. januar 2020. Vegdirektoratet har vurdert at oppgaveoverføringa ikkje vil medføre verksemdoverdraging. Eit vesentleg spørsmål er difor om det er behov for ei eiga overføringslov. Ei overføringslov skal sikre berørte arbeidstakarar i staten ein viss rett til ledige stillingar hjå fylkeskommunane. Det vil vera utfordring knytt til å definere kven som vil vera kva omfatta av slik overføringslov. Det er også usikkert i kva grad fylkeskommunane ser seg tente med dette, eller om vi heller ønskjer å definere stillingar og tilsette i desse på fritt grunnlag.

Utan overføringslov vil fylkeskommunane ha eit større handlingsrom og stå fritt til å bygge ein ny vegadministrasjon regionalt.

Prosess i fylkeskommunen

Arbeidet vil bli krevjande, og overføring av oppgåver skal gjennomførast på kort tid. Per i dag er den fylkeskommunale prosessen ikkje samordna med den statlege. Vi bør uansett ikkje vente på endeleg avklaring av kva dette endar med, men starte arbeidet for å sikre god prosess i vurderinga av hensiktsmessig framtidig organisering av vegområdet med omsyn til å ivareta ansvaret vårt for fylkesvegnettet på ein god måte.

Det vil bli eit omfattande arbeid å få organiseringa av det framtidige fylkesvegområdet på plass. Det er ikkje gitt at alle overførte oppgåver skal tilførast vegområdet i fylkeskommunen. Her må vi vurdere forholdet til fleire relevante fagområde for å sikre optimal oppgavegjennomføring og utnytting av ressursar for å ivareta samfunnsoppdraget vårt på ein god måte. Avhengig av kva som skal overførast, vil det kunne påverke fleire delar av organisasjonen enn berre samferdsleområdet, til dømes:

- Planlegging
- Regional utvikling
- IKT
- Juridisk
- Innkjøp
- HR
- Bygg/eigedom
- Kultur

Organisering

Fleire fylkeskommunar har tilsett, eller er i ferd med å tilsette, eigne prosjektleiarar for dette arbeidet. Vi vurderer det slik at det vil vera krevjande å sette av tilstrekkeleg ressursar til dette arbeidet innanfor dagens organisasjon. Det blir vurdert om vi vil vera tent med å leige inn/tilsette ein prosjektleiar som kan halde framdrift og oversikt i dette arbeidet, inkludert kontakt med relevante fagmiljø.

Økonomi

Overføring av sams vegadministrasjon frå statens vegvesen til fylkeskommunane vil medføre omstillingskostnader ut over det som følgjer av samanslåinga av fylkeskommunane. Per i dag er det vanskeleg å anslå desse, men vi må rekne med kostnader innanfor følgjande område:

- Prosjektleiar for framtidig organisering av fylkesvegområdet
- Kostnader knytt til IKT – serverar, flytting av system, opplæring, programlisensar, etc.

Det er viktig at det følgjer finansiering med oppgåvene som skal overførast.